



Foto: Invest in Bergen



Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2017



Det nye Vestlandet!

Hordaland fylkeskommune har ei sentral rolle i arbeidet med å fremje verdiskaping og regional utvikling i vår region. Ei av dei viktigaste oppgåvene no er å gjera omstilling for bedrifter lettare på kort sikt, og å byggje evne til omstilling i bedrifter, næringsmiljø og lokalsamfunn på lang sikt. Bakgrunnen for dette kjenner vi alle: Ei petroleumsnæring med strukturelle problem og eit kostnadsnivå som ikkje var berekraftig på lang sikt, og eit fall i oljeprisen som forsterka desse problema.

Fylkeskommunen sitt utgangspunkt er at det ikkje vil hjelpa særleg å berre sitte stille og vente på at oljeprisen igjen vil stige til et akseptabelt nivå, og så håpe at problema løyser seg sjølve. Skal petroleumsnæringa ha ei god framtid, må dei strukturelle problema løysast med omstilling, innovasjon og nyskaping for at denne bransjen fortsatt skal gje fylket vårt store inntekter og høg aktivitet i åra framover.



Dei globale klima- og miljøutfordringane vil likevel krevja kursendring og omstilling til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innan naturens tålegrenser. Det må rett og slett skje ein overgang til produkt og tenester som gir betydeleg mindre negative konsekvensar for klima og miljø enn i dag. Eit slikt skifte byr samstundes på nye moglegheiter for verdiskaping. Her stiller vår region sterkt! Hordaland og Bergen har dei leiande forskingsmiljøa innan grøn teknologi, fylket vårt er tufta på fornybar vasskraft og vi har det største kraftselskapet på Vestlandet.

Vestlandet er også godt posisjonert når «havrommet» skal vega opp for nedturen innan olje og gass. I den nye havbruksmeldinga er det vedtatt å bruka 1,2 milliardar over statsbudsjettet retta mot havnæringane, særleg mot næringsretta forskning. Vidare skal ein styrke kunnskapen om økosystema i kystsona for å legge til rette for vidare vekst i havbruksnæringa. Hordaland har Norges beste marine forskings- og forvaltningsmiljø, og kombinert med eit næringsliv som er verdsleiande innan sjømat, shipping og offshore vil vår region få ein sentral posisjon i dette arbeidet.

Eit godt samarbeid med nabofylket vårt, Sogn og Fjordane, er også viktig. Begge fylkestinga har positive vedtak om samanslåing frå 2020, men samarbeidet om næringsutvikling må starta lenge før den tid. Nabofylket vårt i nord er langt framme når det gjeld grøne datasenter og skipsdesign, og fylket er til liks med Hordaland tufta på fornybar vasskraft.

Rogaland er førebels avventande til storregion på Vestlandet, men også med fylket i sør er det viktig med eit tett samarbeid. Næringslivet på Vestlandet har eit sterkt fotfeste i begge fylka, og dersom ein kombinerer eit miljøfond i Stavanger på 20 milliardar kroner med privat kapital og forskingsmiljø i Bergen vil vi få mange muligheiter til å utvikla det nye Vestlandet!

Pål Kårbø
Fung. fylkesordførar

Innhold

DET NYE VESTLANDET!	3
TETT SAMARBEID OG GOD KOORDINERING AV VERKEMIDDELBRUKEN	5
KORT OM HANDLINGSPROGRAMMET	7
OM RESULTATMÅL	8
PRIORITERINGAR I 2017.....	9
OMSTILLINGSARBEID I HORDALAND	11
PILOTPROSJEKT VESTLANDET.....	11
ENTREPRENØRSKAP OG INNOVASJON	12
RELEVANT KOMPETANSE	13
HEILSKAPLEG SAMFUNNSUTVIKLING	14
BRANSJAR MED SÆRSKILT FOKUS.....	15
BUDSJETT FOR 2017	16
ORDLISTE.....	19

Tett samarbeid og god koordinering av verkemiddelbruken

Handlingsprogrammet for 2017 er utarbeidd av fylkeskommunen med støtte frå ei ressursgruppe sett saman av Odda kommune, Bergen kommune, Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Hordaland, Høgskulen i Bergen og Maritime CleanTech. I tillegg har det kome faglege innspel frå Opplæringsavdelinga, Samferdselsavdelinga, Kultur og idrettsavdelinga og seksjonane i Regionalavdelinga. Regionalt næringsforum har vore styringsgruppe, trekt opp rammene for arbeidet og handsama utkast til plan i tre møte. Dei har også gitt si tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning.

Regional utvikling krev langsiktig innsats og tett samarbeid mellom fleire aktørar. Korleis vi samarbeider er også viktig for dei resultatane vi når. Næringsutvikling kan vera krevjande, både når det gjeld finansiering, kapasitet og kompetanse. Gode resultat krev difor kunnskap og god koordinering frå fleire verkemiddelaktørar. Det er også viktig at oppgåvefordelinga mellom det statlege, regionale og lokale offentlege verkemiddelapparatet er klår og oversiktleg. Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) forventar difor at fylkeskommunane tek initiativ til samarbeid med verkemiddelaktørane (Siva, Innovasjon Norge (IN) og Forskingsrådet). KMD har ovanfor Siva, IN, Forskingsrådet og Distriktssenteret understreka verdien av eit godt samarbeid og samspel mellom aktørane og fylkeskommunane. Eit konstruktivt samarbeid bidreg til at dei regional- og distriktpolitiske måla blir nådde i større grad. Hordaland fylkeskommune har i den samanheng fått klarsignal frå KMD om å gjennomføra eit pilotprosjekt med føremål å hauste erfaringar med korleis nye og større folkevalde regionar kan bli styrka i rollen som samfunnsutviklar. Dette er nærare omtale i «Pilotprosjekt Vestlandet».

Når det gjeld gjennomføringa av det årlege handlingsprogrammet er medlemmene i Regionalt Næringsforum (RNF) dei viktigaste samarbeidspartnarane. I fellesskap skal denne partnaraskapen bidra til samordna innsats for å fremje nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland. Måla skal nåast ved utvikling av ei mest mogeleg koordinert og effektiv forvaltning av dei offentlege ressursane retta mot

næringsutvikling, arbeidsmarknad og utdanning i Hordaland. For å få god forankring for den regionale utviklinga er RNF sett saman av leiinga for Innovasjon Norge Hordaland, NHO Hordaland, LO Hordaland, KS i Hordaland, Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland, UiB, NAV Hordaland samt nærings sjef i Bergen kommune og den regionale representanten for Norges forskingsråd. Frå fylkeskommunen deltek regionaldirektøren, som også leiår RNF, nærings sjefen og to representantar frå fylkesutvalet.

Hordaland fylkeskommune har i tillegg ulike samarbeidsavtalar og partnaraskap med ei rad aktørar som er vurdert som strategisk viktige for næringsutviklingsarbeidet i fylket. Desse aktørane har samarbeidsavtalar med fylkeskommunen om å arbeida med mål og strategiar i næringsplanen, og prioriterte innsatsområde i handlingsprogrammet.

Næringsretta utviklingsaktørar over budsjettposten «Næringsretta partnaraskapsmidlar» for 2017

- Fjord Norge AS kr 3 000 000
- Reiseliv: fellesoppgåver kr 1 010 000
- Regionråda i Hordaland kr 1 012 000
- Western Norway Film Commission kr 500 000
- Mediefondet Zefyr AS kr 900 000
- Maritimt Forum Bergensregionen kr 450 000
- Design Region Bergen kr 450 000
- Nordiske mediedager kr 200 000
- HOG Energi kr 750 000
- Impact Hub Bergen kr 526 000
- Bergen Vitensenter kr 3 500 000
- Connect Vest kr 500 000


Næringsretta utviklingsaktører med støtte frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2017:

- Atheno kr 683 000
- Nyskapingsparken Inkubator kr 683 000
- Industriutvikling Vest kr 683 000
- Ungt Entreprenørskap i Hordaland kr 400 000
- Mediaregion Bergen kr 350 000
- Matarena AS kr 200 000
- NCE Seafood Innovation Cluster kr 250 000
- NCE Maritime CleanTech kr 200 000
- NCE Media kr 200 000
- GCE Subsea kr 350 000
- Næringshagen på Voss kr 100 000
- Næringshagen i Hardanger kr 100 000
- Næringshagen i Nordhordland kr 100 000
- Næringshagen i Gulen og Masfjorden kr 50 000

Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2017 blei handsama av fylkesutvalet 23. februar 2017.

Fylgjande vart vedteke:

1. Fylkesutvalet vedtar «Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland 2017»
2. Det vert sett av 4 mill. kroner til dei regionale etablerarfonda. Etablerarfonda er ei tilskotsordning til etablerarar og ny næringsverksemd. Desse midlane er fordelte til samarbeidspartnarar slik at Sunnhordland får 792 000 kroner og Hardanger får 584 000 kroner. Bergensregionen, dvs. Hordland fylke utanom Sunnhordland og Hardanger, får tilgjengeleg 2.624 mill. kroner.
3. Omstillingsutvalet vert styringsgruppe for 9.0 mill. kr som er sett av til omstilling.



Norges lengste molo - Austevoll fiskerihavn (Foto: Kystverket/Leonard Nilsen & Sønner AS)

Kort om handlingsprogrammet

Dei statlege føringane

Statsbudsjettet 2017, som vart lagt fram 06.10.2016, legg opp til endra målstruktur for dei regionale utviklingsmidlane samanlikna med tildegare år. Den nye målstrukturen tydeleggjer den geografiske målrettinga av budsjettmidlane – med eitt hovudmål for distriktpolitikk og eitt for regionalpolitikk. Dei nye måla legg vekt på økonomisk omstillingsevne, noko som medfører ei prioritering av bedrifts- og næringsretta tiltak.

Tabell 1: Nye mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Hovudmål	Delmål
1. Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta	1.1 Eit verdiskapande næringsliv i områder med spreidd busetting og store avstandar 1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i områder med særlege distriktsutfordringar 1.3 Tilgang til grunnleggjande private tenester i områder med få innbyggjarar
2. Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse 2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene 2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga

Nasjonale forventningar til berekraftig utvikling og verdiskaping med fokus på miljø, økonomi og sosiale tilhøve er også førande for næringsplanen og handlingsprogrammet for næringsutvikling. I næringsplanen har Hordaland fylkeskommune definert berekraftige verksemder som verksemder som er økonomisk levedyktige, tek samfunnsansvar i høve til miljø, og som er medvitne sitt sosiale ansvar lokalt og globalt.

Dei regionale føringane

Regional planstrategi 2016-2020, som vart vedtatt av fylkestinget i desember 2016, er den felles og overordna strategien for utvikling av Hordaland. Handlingsprogrammet for næring og samfunnsutvikling er i tillegg forankra i «Regional næringsplan for Hordland 2013-2017», som vart vedtatt av fylkestinget i juni 2013.

Andre regionale planar vedteke av Hordaland fylkeskommune som legg føringar for handlingsprogrammet er:

- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026

- Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Regional transportplan Hordaland 2013-2024

I tillegg er det lagt til grunn fleire strategiske styringsdokument som Hordaland fylkeskommune har utarbeidd i samarbeid med andre aktørar knytt til forskingsmiljø, utdanningsinstitusjonar og næringsliv:

- Regional forskningsstrategi Hordaland 2015-2019
- Landbruksmelding for Hordaland 2014-2017
- Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020
- Veivalg for lokalmat i Hordaland 2013-2017
- Regional kulturplan 2015-2025
- Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013 – 2020.
- Marin Strategi for Vestlandet 2014 – 2020.
- Strategi for utvikling og drift av næringshagar i Hordaland. FUV 13.10.2011
- Planprogram for Regionalplan for kompetanse og arbeidskraft.

Handlingsprogrammet, som rullerast kvart år, prioriterer innsatsen og er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. I tillegg gir det føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. Målgruppa for programmet er private og offentlege utviklingsaktørar samt nettverk og organisasjonar som Hordaland fylkeskommune samarbeider med.

Sjølv om handlingsprogrammet er forankra i næringsplanen er ikkje alle tiltaka som er omtalt i næringsplanen med

i handlingsprogrammet. Tiltak i næringsplanen som ikkje krev ytterlegare utdjuping i handlingsprogrammet, vil det bli arbeidd vidare med ut frå formuleringane i næringsplanen. Det kan også vere at nokre av dei fokuserte innsatsområda i handlingsprogrammet ikkje er direkte forankra i konkrete formuleringar i næringsplanen, sjølv om dei er viktige i det heilskapelege næringsutviklingsarbeidet i Hordaland. Utgangspunktet er likevel at innsatsområda i handlingsprogrammet byggjar på hovudstrategiane i næringsplanen.



Om resultatmål

I handlingsprogrammet er det sett opp resultatmål knytt til kvart innsatsområde kor det er mogleg å finne indikatorar i tilgjengelege rapportar og i tilgjengeleg statistikk, utan å måtte sette i verk eit omfattande arbeid. Resultatmåla

og indikatorane ligg faste i planperioden for å kunne måle endring. Desse skal danne ein del av grunnlaget for vurdering av resultat og effektar av innsatsen i næringsplanen og handlingsprogram og gir grunnlag for revisjon av Regional næringsplan.

Prioriteringar i 2017

Hordaland fylkeskommune skal utvikle arbeidsplassar og bidra til verdiskaping i fylket. Innsatsen skal spissast mot entreprenørskap og innovasjon, samt næringsretta kompetanse og næringsretta infrastruktur. Det same gjeld for utfordringar knytt til kommunalt planarbeid og kommunal arealdisponering. Her har fylkeskommunen meir ei koordinerende rolle i planarbeidet, enn direkte styring gjennom verkemiddelbruken. Prioriteringane og formuleringane i næringsplanen er førande på desse områda, og blir ikkje teke opp att i handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet er strukturert slik at det årleg prioriterer konkrete innsatsområde knytt til kvar av dei tre hovudstrategiane frå næringsplanen som er: Meir entreprenørskap og innovasjon, Fleire med meir relevant kompetanse og Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter. Her kan nemnast etablerar-rettleiing og gründerar, utdanning tilpassa næringslivet sine behov, stimulering til innovasjon i næringslivet gjennom samarbeid, FoU og internasjonalisering. Lokalsamfunnsutvikling vert også prioritert i 2017 med satsing innan «LivOGLyst» Bransjesatsingane vert vidareført, og innsatsområda har fått berekraft, miljø og omstilling som gjennomgåande tema.

Den vanskelege situasjonen i petroleumsnæringa og trong for omstilling vil vere særleg prioritert arbeid også i 2017. Redusert aktivitet i olje- og gass har ført til at reiselivsnæringa og andre næringar som produserer varer og tenester til leverandørindustrien i oljesektoren har fått store utfordringar. Dermed må desse næringane også gjennom ei omfattande omstilling. Utfordringar knytt til klima og miljø og trong for å utvikla næringslivet inn i eit «grønt skifte» er også eit viktig satsingsområde. Her opnar det seg moglegheiter for næringsutvikling på områder som grøn datalagring, smarte samfunn, rein mat, alternativ energiproduksjon, nye reiselivsprodukt, betre fiskehelse, bioøkonomi og energieffektivisering. Satsinga som no skjer innan miljøvenleg ferjedrift er også interessant frå eit næringsutviklingsperspektiv. Dette kan ha eit stort potensiale for næringsutvikling knytt til skipsfart og transport i Hordaland.

På oppdrag frå Samferdselsdepartementet har Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) kartlagt og vurdert marknaden for fiberkapasitet (mørk fiber). Innhaldet kort summert er som fylgjer: «Det er mørk fiber tilgjengelig mellom de fleste regionsentra og landsdelar i Norge, unntatt Bergensområdet og Vestlandet, hvor det er begrenset med sammenhengende tilgjengelig mørk fiber.

Distriktsindeksen 2016

Kom. nr.	Kommune	Indeks
1246	Fjell	88,8
1247	Askøy	88,4
1243	Os	87,5
1256	Meland	83,3
1201	Bergen	82,4
1245	Sund	78,2
1263	Lindås	76,9
1259	Øygarden	76,1
1244	Austevoll	74,4
1216	Sveio	71,7
1264	Austrheim	70,6
1221	Stord	69,8
1253	Osterøy	65,7
1241	Fusa	60,3
1260	Radøy	59,4
1219	Bømlo	59,0
1222	Fitjar	56,1
1242	Samnanger	55,6
1211	Etne	46,7
1235	Voss	46,0
1252	Modalen	45,4
1266	Masfjorden	44,5
1223	Tysnes	43,3
1238	Kvam	40,9
1232	Eidfjord	40,7
1251	Vaksdal	38,2
1224	Kvinnherad	33,2
1231	Ullensvang	31,0
1227	Jondal	28,0
1234	Granvin	27,0



Øving Bergen 2017: Kystverket, IUA Bergen region, Statoil Mongstad og Stureterminalen over årleg for å førebu seg på sjøulykker som medfører oljeutslepp. (Foto: Statoil)

Mellom Bergen og Østlandet over fjellet er det ikke mørk fiber tilgjengelig.» Hordaland fylkeskommune vil arbeida vidare med denne problemstillinga i 2017.

Det er ei utfordring at KMD vil at aktivitetar og verke- midlar skal styrast mot kommunar som skårar lågt på Distriktsindeksen for 2016. Konsekvensen av dette er at økonomisk støtte til sentrale strøk, der næringslivet mange stader i Hordaland nett no er i krise, kjem svært dårleg ut. Samstundes er det gjerne desse områda som har det største utviklingspotensialet, og som ofte er drivarane for næringsliv i resten av regionen. I Hordaland representerer virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte (kommunar i raud skrift) omlag 13 % av folketalet og arbeidsløysa er marginal. Med dette som grunnlag gjorde fylkesutvalet fylgjande vedtak 30. mars 2017:

«Fylkesutvalet rår til at Regionale utviklingsmidlar over Statsbudsjettet Kap 550, post 60 Inkluderande og vekst- kraftige lokalsamfunn, kan nyttast i alle kommunar i

Hordaland som scorar svakare enn indekstalet 80 på den nasjonale Distriktsindeksen, utarbeidd for 2016.»

Dette betyr at Hordaland fylkeskommune også kan retta innsatsen mot område og kommunar som har store utfordringar, sjølv om dei ligg høgt på Distriktsindeksen for 2016.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet og føringane frå KMD. Forvaltninga av verkemidla er delt mellom Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg (IN). Fylkeskommunen handsamar prosjekt og søknader av tilretteleggjande karakter, medan søknader om støtte til bedrifter blir handsama av IN. Hordaland fylkeskommune har hovudansvaret for «Handlingsprogram for næring og samfunnsutvikling i Hordaland», men både utarbeidinga og gjennomføringa skjer i nært samarbeid med verksemder, bransjeorganisasjonar, næringsforeiningar, kommunar, forskings- og utdanningsinstitusjonar, regionråd og regionale og statlege verkemiddelaktørar.

Omstillingsarbeid i Hordaland

Den vanskelege situasjonen i petroleumsnæringa har skapt behov for samordna regional innsats for å jobba med problemstillingar knytt til utfordringane for næringslivet i regionen. Det er mykje kompetanse innanfor olje og gasindustrien som kan brukast inn mot områder som marin sektor, helse og omsorg, smarte samfunn, rein energi, samferdsel m.m. Samstundes er det veldig vanskeleg for kvar einiskild av dei relativt små teknologi- og tenesteleverandørane å etablere seg med nye produkt i ein ny marknad eller bransje. Det offentlege verkemiddelapparatet er

i dag innretta på å jobbe med denne type utfordringar kvar for seg. Samarbeid og betre koordinering av individretta-, bedriftsretta- og regionale utviklingsmidlar vil gje meirverdi i dette arbeidet. Hordaland fylkeskommune har leiaransvaret for strategisk samordning regionalt og skal vere ein mobiliserande og koordinerande aktør overfor kommunane, regionale aktørar, næringsliv og anna samfunnsliv i Hordaland. I tillegg er det viktig at det internasjonale arbeidet er ein integrert del av arbeidet med å fremje omstillingsdyktige regionar.




Foto: Invest in Bergen

Pilotprosjekt Vestlandet

Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland er i gang med ein prosess for å vidareutvikle ei skisse til «Pilotprosjekt Vestlandet» for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel i ein ny Vestlandsregion. KMD er positiv til samarbeidet, og legg til grunn at fylkeskommunane sjølv leiar arbeidet. Samstundes oppmodar KMD den regionale

statsforvaltinga som blir omfatta, om å bidra med fagleg informasjon og vurderingar til fylkeskommunane sitt arbeid med pilotprosjektet. Ein pilot eller forsøk med føremål å hauste erfaringar med korleis nye og større folkevalde regionar kan bli styrka i rollen som samfunnsutviklar, vil og vere av interesse og nytte for staten.

Entreprenørskap og innovasjon

Entreprenørskap og innovasjon oppstår når kompetanse, nettverk og kapital blir kombinert på nye måtar. Med bakgrunn i utfordringane i dei internasjonale marknadane, entreprenørskap, innovasjon og samarbeid mellom FoU og næringslivet, og med utgangspunkt i våre sterke, vekstkraftige næringsmiljø, peikar det seg ut tre område for innsats:

Fleire gode gründerar:

Stimulere til at fleire lukkast med å etablere eiga verksemd, og maktar å ta etableringa over i ein vekstfase. I tillegg er det eit mål å få eit verkemiddelapparat som i større grad står opp om berekraftige verksemder og næringsmiljø.

Fleire vekstkraftige bedrifter:

Auka innovasjonsgrad, auka produktivitet, realisering av potensialet for lønsemd og betre konkurransekraft er avgjerande for vekst og sikring av arbeidsplassar i eksisterande verksemder i fylket. Det er også viktig å sikre verksemdene rett arbeidskraft for å unngå at drift og produksjon vert flytta utanlands.

Fleire innovative næringsmiljø:

Stimulere til utvikling av klynger og andre innovative næringsmiljø med vekstpotensiale. Sterkare samspel mellom FoU-institusjonar og næringslivet for å realisere eit enno større utbytte hos alle aktørane.

Resultatmål

- Auke i talet på kandidatar med gjennomført etablerarkurs
- Auke i talet på nyetablerte verksemder
- Auke i talet på «gaselleverksemder»
- Auka talet på klynger (t.d. innan ARENA, NCE, GCE, SFI-programma)

Innsatsområder i 2017

Tilretteleggjande tiltak for etablerarar:

- «Kom-an-pakka». Styrka satsing på www.kom-an.no og profilere «Kom-an» som merkevarer.
- Prioritere innsats mot bedrifter i etablering – m.a. ved bruk av etablerarkurs.
- Stimulere til gründerkultur gjennom innsats i Ungt Entreprenørskap og sosialt entreprenørskap.
- Stimulere til entreprenørskap, m.a. gjennom Global Entrepreneurship Week (GEW), Startup Extreme og styrka samarbeid med investorar.

Direkte støtte til bedrifter:

- Vekst i eksisterande bedrifter gjennom målretta bruk av tilskot og lån (forvalta av IN).
- Arbeide for å sikre kompetent og langsiktig kapital til nye idear og nye bedrifter, slik at fleire kjem gjennom oppstartsfasen og over i ein vekstfase.
- Mobilisere til forskingsbasert innovasjon i bedriftene, mellom anna gjennom FoU-forum og ved bruk av verkemidlane kompetansemekling og dialogmøte. (Mobiforsk).

Nettverk og klynger:

- Bidra til å utvikle nye klynger (ARENA, NCE, GCE og SFI)
- Stimulere til kompetanseutvikling og prosjekt i- og mellom etablerte klynger.

Internasjonalisering:

- Realisere nye- og etablerte bedrifter sitt internasjonale potensiale, både gjennom bruk av fylkeskommunen sitt internasjonale nettverk og i samarbeid med Innovasjon Noreg.
- Auka fokus på fleire internasjonale næringsetableringar i heile fylket.
- Arbeide for å utløyse verkemidlar frå europeiske utviklingsprogram (INTERREG, HORIZON 2020, Creative Europe, EØS-fonda, o.a.)

Relevant kompetanse

Med utgangspunkt i utfordringar og mål i næringsplanen og dei tilbakemeldingane som kjem frå næringslivet, er det peika ut tre område for innsats som skal bidra til å redusere problema med stor mangel på kvalifisert arbeidskraft i fylket.

Utdanning:

Hordaland fylkeskommune skal setja regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov. Dette skal gjerast ved å vidareutvikle fleksible utdanningsmodellar med meir veksling mellom teoretisk og praktisk læring. Føremålet er at fleire elevar skal kome seg gjennom vidaregåande skule og ende opp med fagbrev, med totalt sett høgare kvalitet på utdanninga enn i dag.

Samarbeid med regionalt arbeids- og næringsliv:

Hordaland fylkeskommune skal bidra meir aktivt til at informasjon om tilgjengelege læreplassar, og framtidige arbeidsplassar, vert gjort kjent for søkerane. Dette skal gjerast i samarbeid med partane i næringslivet. Hordaland fylkeskommune har òg eit stort ansvar for at det er god samanheng mellom næringslivet sine behov og talet på plassar på dei ulike studieprogramma.

Rekruttering:

Offentlege myndigheiter, i samarbeid med private, må leggja betre til rette for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft. Føremålet er å forenkla, forbetre, samordne og tilpasse offentlig tilbod slik at utanlandsk arbeidskraft lettare kan bu og arbeide i Hordaland.

Resultatmål:

- Auke talet på personar som tek fagbrev, med særskilt fokus på etterspurte fagutdanningar
- Auke talet på godkjente lærebedrifter, særleg innan fagområder som er etterspurt av næringslivet
- Etablering av nye studietilbod innan høgare utdanning i tråd med behov i næringslivet.
- Auke talet på personar med doktorgrad i næringslivet

Innsatsområder i 2017

Opplæring og utdanning:

- Sikre god samanheng mellom næringslivet sitt behov for kompetanse, og utdanningstilbod.
- Sikre samarbeid mellom næringsliv og skule for å bidra til at elevane vel utdanningar som dei er motivert for å gjennomføre og som næringslivet treng.
- Stimulere bedriftene til å nytte Fagskulane i Hordaland
- Leggje til rette for vaksenopplæring ut frå behova til arbeids- og næringslivet.
- Sikre at utlysing av fylkeskommunale anbod har krav om at tilbydar er godkjent lærebedrift og har lærlingar.
- Utvikle studietilbodet innan høgare utdanning gjennom samarbeid mellom utdannings-institusjonane og næringslivet. Kopling mellom praktisk og teoretisk kunnskap er sentralt.
- Støtte opp om utvikling og igangsetting av studietilbod på mastergrads- og sivilingeniørnivå på område etterspurt av næringslivet.

Internasjonalt samarbeid og rekruttering:

- Vidareutvikle og gjere tilgjengeleg kompetanse som bedriftene kan bruka til å utforma søknader om EU-midlar til regional utvikling og næringsutvikling.
- Stimulera til internasjonalt, næringsretta samarbeid og erfaringsutveksling mellom anna gjennom ERASMUS+.

Heilskapleg samfunnsutvikling

Framtidig vekst vil stort sett komme i og omkring Bergen, samt i og omkring knutepunkt og regionsenter i regionane. Dei sysselsettingsintensive næringane, som ofte er kompetansearbeidsplassar, bør liggje i konsentrerte delar av by- og tettstadsstrukturane i regionen for å få ein god samanheng mellom bu- og arbeidsområde. Dei arealkrevjande arbeidsplassane bør etablerast på stader som ligg langs hovudinnfartsårene, og ikkje langt frå regionsentera/knutepunkta.

Bergensregionen.

Ein velfungerande Bergensregion er avhengig av betre trafikale forhold, både til nærliggjande kommunar og til resten av Vestlandet. Det er viktig at kommunane planlegg for framtidretta næringsareal på ein berekraftig måte på tvers av kommunegrensene. Ei positiv utvikling innan samferdsle og næringsareal vil gje regionen meir effektiv tilgjenge til nasjonale og internasjonale marknader og auka attraksjon i desse marknadane. I dei komande åra er det venta stor vekst, særleg langs kysten av Hordaland, og dette krev god planlegging.

Attraktive regionsenter.

Å utvikle attraktive regionsenter vil vere ein sentral del av ein politikk for balansert regional næringsutvikling i Hordaland. Skal eit regionsenter i distrikta trekke til seg verksemdar og kompetansearbeidskraft, er større fagmiljø og eit mangfald av arbeidsgjevarar ein viktig føresetnad. Eit slikt regionalt senter skal også fungere som ein vekstimpuls for ein større region. Det er difor viktig å ha fokus på heile bu- og arbeidsmarknadsregionen.

Resultatmål:

- Få alle regionar i fylket inn blant dei 50% beste regionane i NHO sitt Nærings NM
- Auke næringsarealreserven i fylket

Innsatsområder i 2017

Regional nærings- og samfunnsutvikling:

- Styrka brei samhandling og utviklingsprosessar på tvers av miljø og sektorar, og bidra til samspel mellom kommune, region og stat for å få ei positiv utvikling i kommunane
- Fremja arenaer, kunnskap og holdningar for utviklingskultur

Bergensregionen:

- Samhandling med Bergen kommune om berekraftig utvikling av byen som motor for Vestlandet
- Bidra til å dokumentere næringslivet sine areal- og transportbehov i Bergensregionen

Regionsenter:

- Styrke regionsenter gjennom satsing på næringsutvikling, miljøvenlege transport- og logistikkordningar, og berekraftige bu- og arbeidsområde som fremjar livskvalitet og folkehelse.
- Støtte prosjekta som er med i «Utviklingsprogram for byregioner».

Lokalsamfunnsutvikling:

- Gjennom «LivOGLyst-metoden» satse på utvikling av lokalsamfunn med brei medverknad.

Bransjar med særskilt fokus

For at Hordaland skal utvikla ein posisjon som ein innovativ region i Europa er det viktig at bransjar der fylket har særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling, har særskilt fokus. Dette er næringar som energi, maritim, marin og reiseliv. I tillegg vert landbruk og lokal mat, som ei viktig distriktsnæring og media- og kulturbasert næringsliv som har stor innovativ kraft, teken med.

Innsatsområder i 2017

Energinæringer:

- Satsing på energieffektivisering og miljøvenlege energiformer
- Arbeide for auka konkurransekraft i leverandørindustrien knytt til petroleumsnæringa, for å møte omstillingsutfordringane.

Maritime næringer:

- Arbeide for å bli eit føregangsfylke innan «clean shipping» gjennom målretta miljøtiltak.

Marin sektor:

- Stimulere til utvikling av blå bioøkonomi og ein berekraftig marin sektor i hele verdikjeda.
- Sikre næringa areal for berekraftig vekst og utvikling.
- Samarbeid om marin næringsutvikling på Vestlandet.

Reiseliv:

- Sikre lønsemda i reiselivsnæringane gjennom tiltak vedteke i Reiselivsstrategi for Vestlandet
- Heilskapleg og berekraftig destinasjonsutvikling
- Saumlause løysningar for kollektivtransport på Vestlandet

Landbruk og lokal mat:

- Følgje opp Regional matstrategi og tiltak forankra i UNESCO Creative City of Gastronomy med særleg fokus på auka lokal matproduksjon i relasjon til kultursektor, marin sektor og opplevingsbasert reiseliv.
- Stimulere til utvikling i verdikjeda for frukt og berekraftig produksjon av mjølk og kjøt.
- Medverke til tiltak som aukar berekraftig avverking og uttak av biomasse frå skog, samt bidreg til ei auking i bearbeiding og bruk av trevirke.

Medie- og kulturbasert næringsliv:

- Styrke verdiskapinga i og rundt kultursektoren, slik at det gjev auka attraktivitet og bulyst.
- Stimulere til internasjonale samarbeidsprosjekt og utvikling av det næringsmessige potensialet i kulturnæringane t.d. innan internasjonale filmproduksjonar, musikkbransje og innan design og visuell kunstproduksjon.

Budsjett for 2017

Den totale økonomiske ramma i Handlingsprogrammet 2016 er 62 800 000 kroner. Nedanfor følgjer forklarande kommentarar til dei ulike budsjettområda og budsjett-postane. Sjølve budsjettet er vist på neste side. For samanlikning er budsjett frå 2016 tatt med.

A. Bedriftsretta låne og tilskotsordningar i distrikta

Fylkeskommunen overfører eit årleg beløp til Innovasjon Norge som er øyremerka bedriftsretta tiltak. Denne overføringa er i 2017 på 23 560 000 kroner. Dette er i tråd med det beløpet som er sett av til dette innsatsområdet i statsbudsjettet for 2017. Målgruppa for midlane er bedrifter og entreprenørar i verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. I oppdragsbrevet frå Hordaland fylkeskommune til Innovasjon Norge blir krav og forventingar formulert.

B. Tilrettelegging for næringsutvikling

Verkemidlane som er lagt inn under denne hovudposten og fordelt på delpostane B-1 til B-7. Dette er søkbare midlar,

tilskotsordningar og program forvalta av fylkeskommunen på til saman 25 150 000 kroner.

Dei søkbare midlane er på totalt 20 800 000 kroner. Desse rettar seg mot dei prioriterte innsatsområda frå næringsplanen: Entreprenørskap og innovasjon, Relevant kompetanse og Bergensregionen, Regionsenter og lokalsamfunnsutvikling, ein felles post for tiltak retta mot bransjar med særleg fokus i Hordaland og ein for klimaretta tiltak. 1,5 mill. kroner er øyremerkt til prosjekt innan klimaretta tiltak i næringslivet. Dei tematiske satsingane innan dei ulike områda er formulert i eigne kapittel i dette dokumentet.

Posten B-6 er øyremerka midlar til program. Det er sett av 450 000 kroner til Mobiforsk, som erstattar den tidlegare ordninga Virkemiddel for Regional Innovasjon (VRI) i Hordaland. Ordninga er kopla opp mot RFF Vestlkkandet for å styrke forskning, innovasjon som bidrag til omstilling. Fylkeskommunen har leiinga i den regionale VRI-satsinga og løyvinga er i tråd med føringa i fylkeskommunen sitt budsjett. Til entreprenørskapssatsinga i Innovasjon Norge er det sett av same sum som i 2016 ; dvs. 900 000 kroner. 3,0 mill. kroner er øyremerka midlar til samarbeidsaktørar



Foto: Invest in Bergen

i post B-7. Denne posten er redusert med omlag 3,8 mill. kroner sidan 2016. Endeleg fordeling av desse midlane på ulike prosjekt og tiltak skjer som eiga sak i fylkesutvalet.

C. Regionale etablerarfond

Det er avsett 4 mill. kroner til dei regionale etablerarfonda. Etablerarfonda er eit tilskotsordning til etablerarar og ny næringsverksemd. Desse midlane er fordelte til samarbeidspartnarar slik at Sunnhordland får 792 000 kroner og Hardanger får 584 000 kroner. Bergensregionen, dvs. Hordland fylke utanom Sunnhordland og Hardanger, får tilgjengeleg 2.624 mill. kroner.

D. Omstilling og nyskaping

9 mill. kroner er øyremerkt til omstilling i Hordaland. Midlane er avsett til omstilling i petroleumssektoren og andre aktuelle bransjar.

E. Forvaltning

Det er sett av 1.1 mill. kroner til delvis dekking av forvaltingskostnader hos Hordaland fylkeskommune.

BUDSJETT FOR HANDLINGSPROGRAM FOR NÆRINGS- OG SAMFUNNSUTVIKLING 2017

Budsjettpost	Budsjett 2016 NOK	Budsjett 2017 NOK
A: Bedriftsretta låne og tilskotsordningar i distrikta	15 000 000	23 560 000
A-1: Søkbare midlar forvalta av Innovasjon Norge	15 000 000 ¹	23 560 000 ²
B: Tilrettelegging for næringsutvikling totalt	29 914 000	25 150 000
B-1: Entreprenørskap og innovasjon	6 000 000	6 000 000
B-2: Relevant kompetanse	5 000 000	5 000 000
B-3: Bergensregionen, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling	5 000 000	5 000 000
B-4: Bransjeretta tiltak	3 374 000	4 300 000
B-5: Klimaretta tiltak	2 000 000	1 500 000
Søkbare midlar / tilskotsordningar (sum B-1 til B-5)	21 374 000	21 800 000
B-6: Øyremerka midlar til program (sum)	1 750 000	1 350 000
- Mobiforsk (tidl. VRI)	850 000	450 000
- Entreprenørskapssatsing i Innovasjon Norge	900 000	900 000
B-7: Øyremerka midlar til samarbeidsaktørar	6 790 000	4 350 000
C: Regionale etablerarfond	4 000 000	4 000 000
- Bergensregionen ³⁾	2 624 000	
- Sunnhordland	792 000	
- Hardanger	584 000	
D: Omstilling og nyskaping	5 000 000	9 000 000
E: Forvaltning ⁴⁾	1 200 000	1 090 000
TOTAL SUM	55 114 000	65 150 000

FINANSIERING FOR HANDLINGSPROGRAM FOR NÆRINGS- OG SAMFUNNSUTVIKLING 2017

Kjelde	Budsjettpost	2017 NOK
KMD 550.62	Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta	23 560 000 ²
KMD 550.64	Inkluderande og vekstkraftig samfunn	18 540 000 ⁵
KMD 553.60	Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse	7 000 000 ⁶
KMD 553.65	Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden	9 000 000
FUV-midlar	Ramme frå fylkesutvalet	3 200 000
Overført frå 2016	Renter/Unytta midlar	3 850 000
Total		65 150 000

- 1) Som følge av tilbakeføring av 25 mill. kr vart overføringa frå Hordaland fylkeskommune til Innovasjon Norge redusert i 2016.
- 2) Målgruppa er bedrifter og entreprenørar i verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte. Dette gjeld kommunane Masfjorden, Fedje, Modalen, Vaksdal, Samnanger, Kvam, Voss, Granvin, Kvinnherad, Tysnes, Fitjar, Etne, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda og Jondal er innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstønad
- 3) Hordland fylke utanom Hardanger og Sunnhordland.
- 4) Delvis dekking av Hordaland fylkeskommune sine kostnader til forvaltning av midlane.
- 5) Målet med posten er å fremje inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. Midlane skal nyttast til å auke attraktiviteten for befolkning og næringsliv. Fylkeskommunane vurderer kva for område som har særlege distriktsutfordringar i sitt fylke. Desse områda kan vere utanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte.
- 6) Målet med midlane er å mobilisere til samarbeid mellom bedrifter i næringsmiljø og til koplingar mellom bedrifter og relevante utdanningsmiljø for å møte kompetansebehovet i næringslivet. Fylkeskommunane avgjer sjølve korleis dei vil organisere arbeidet og innsatsen i sinregion. Det kan skje gjennom eiga verksemd, bruk av andre offentlige aktørar som IN, Siva og Forskingsrådet, eller ved kjøp av tenester. Organiseringa og innhaldet i arbeidet skal vere forankra i regionale nærings- og kompetansestrategiar i regionale partnerskap. Innsatsen skal nå mange bedrifter samtidig. FUV-midlar på 3,2 mill. kr er lagt til denne posten.

Ordliste

Dette er ein oversikt og forklaring på mykje brukte uttrykk og forkortingar.

Arena

Arena-programmet tilbyr finansiell og fagleg støtte til langsiktig utvikling av regionale næringsmiljø. Formålet er å stimulere til økt innovasjon og styrka konkurransekraft basert på samarbeid mellom bedrifter, FoU- og utdanningsmiljø og offentlege utviklingsaktørar. Programmet er eigd av Innovasjon Norge, SIVA og Forskningsrådet med Innovasjon Norge som operativt hovudansvarleg.

NCE

NCE-programmet rettar seg mot dynamiske næringsklynger som har etablert systematisk samarbeid, og har potensiale for vekst i nasjonale og internasjonale marknader. Klyngene skal ha ein nasjonal posisjon innanfor sine respektive sektorar og teknologiområde. Same eigarskap som Arena, og med Innovasjon Norge som operativt hovudansvarleg.

GCE

GCE-programmet er retta mot modne klynger som allereie har eit systematisk samarbeid på strategiske områder, både i klynga, men også internasjonalt med FoU-institusjonar og andre relevante partnerar. Bedriftene i klynga skal vera ein del av ei global verdikjede, og det er stort potensiale for vekst i både nasjonale og internasjonale marknader. Same eigarskap som Arena og NCE, og med Innovasjon Norge som operativt hovudansvarleg.

SFI

Sentre for forskingsdriven innovasjon. Skal styrke innovasjon gjennom satsing på langsiktig forskning i eit nært samarbeid mellom FoU-aktive bedrifter, framstående forskingsmiljø og Norges Forskningsråd. IN Innovasjon Norge

FoU

Forsking og utvikling

VRI

Verkemidlar for regional FoU og Innovasjon. Leia av Norges Forskningsråd i samarbeid med fylka. IFU Industrielle forskings- og utviklingskontraktar er ei tilskotsordning som er administrert av Innovasjon Norge. IFU-kontraktar bidrar til å utvikle konkurransedyktige produkt i ein internasjonalt marknad, og til å utvikle industrielle nettverk og miljø.

OFU

Offentlege forskings- og utviklingskontraktar er ei tilskotsordning som er administrert av Innovasjon Norge.

OFU-kontraktar skaper eit forpliktande samarbeid mellom norske leverandørbedrifter og norske offentlege verksemdar, som t.d. kommunar, fylkeskommunar, statsetatar, sjukehus og forsvaret.

NFR

Norges Forskningsråd

Horisont 2020

Forsknings- og innovasjonsprogram i regi av EU

FHF

Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfond

SIVA

Statsforetak eigd av Nærings- og fiskeridepartementet med fokus på egedomsinvestering, innovasjon og næringsutvikling. Lokalisert i Trondheim.

INTERREG

INTERREG er EU sitt program for å fremja sosial og økonomisk integrasjon gjennom regionalt samarbeid over landegrensene.

Erasmus+

Erasmus+ er EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett for perioden 2014-2020

UiB

Universitetet i Bergen

Ungt Entreprenørskap

Landsomfattande ideell organisasjon som arbeider med entreprenørskap i utdanning, og tilbyr ulike program frå grunnskole til høgare utdanning.

Nærings NM


NHO sin rangering av kommunane basert på nyetableringar og næringslivet si lønsemd, vekst og storleik.

KMD

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

RFF Vest

Regionalt forskingsfond for Vestlandet er ei satsing som skal styrke utvikling og innovasjon på Vestlandet ved å stø opp under regionalt prioriterte forskningstema. Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune er saman om fondet. Fondet lyser ut midlar til forprosjekt og forskingsprosjekt.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

